

Aust-Agder Mållag og Vest-Agder Mållag
Erlend Bakke
Postboks 617
4665 KRISTIANSAND S

Dykkar ref.	Vår ref.	Dato
	17/346-3/GWI	24.05.2018

Universitetet i Agder – spørsmål om brot på mållova – Språkrådet svarar

Språkrådet fører tilsyn med målbruken i sentrale statsorgan og gir rettleiing i saker som gjeld mållova.

Vi viser til brev frå Aust-Agder Mållag og Vest-Agder Mållag dagsatt 16. mai 2018 der mållaga klagar på målbruken ved Universitetet i Agder. Spørsmåla som mållaget tar opp, har også Språkrådet tatt opp med UiA gjennom tilsynsdialogen vår etter den årlege rapporteringa om mål bruk. Vi legg tilbakemeldingbrevet vårt ved dette svaret.

UiA har ein lang veg å gå før universitetet oppfyller minstekravet om 25 % av kvar målform i det eksterne tilfanget til organisasjonen. Berre to skjema ligg føre i begge målformer, og universitetet nyttar generelt altfor lite nynorsk, både på nett og elles. Vi har hatt utfordringar med å få UiA i tale, men er no glade for å sjå teikn til at universitetet vil arbeide for betre målveksling i tida som kjem. Vi håpar difor på betre resultat i neste års rapport. I mellomtida vil vi vere i kontakt med universitetet gjennom nynorskkurs og anna rettleiing. Vilegg til grunn at UiA følgjer opp tilbakemeldinga vår etter målbruksrapporteringa.

Vennleg helsing

Daniel Ims
seksjonssjef

Gunnhild Wiggen
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakarar:

Aust-Agder Mållag og Vest-Agder Mållag Universitetet i Agder	Postboks 617 Postboks 422	4665 4604	KRISTIANSAND S KRISTIANSAND S
---	------------------------------	--------------	----------------------------------

Vedlegg:
Universitetet i Agder – rapport 59784
om målbruk i offentlig tjeneste
2017 – tilbakemelding